



Notat

Til: Kristin Nielsen

Kopi til:

Saksbehandler: Landbruksavdelinga/Nils Kaalaas

Vår referanse: 14/7337 - 8 / Gbnr - 131/4

Dato: 30.06.2015

Emne: Reiskaphus/driftsbygg gnr 131/4 Remme

Uttale landbruk:

Gbnr 131/4 er eit mindre gardsbruk på Remme med eit totalareal på 63 dekar, men det må og sjåast i samanheng med gbnr 85/5 i Radøy som her eit areal på totalt 45 dekar. Sjølv om eigedomane er i kvar sin kommune så ligg dei forholdsvis tett opp til kvarandre og då eigarane er gift med kvarandre så vil vi vurdera det som ein driftseining.

Eigedomane har eit innmarksareal etter gardskartet på ca 30 dekar (slåttemark og beite) ca 70 dekar produktiv skog og 8 dekar anna areal.

For å kunna halda eigedomane i nokonlunde hevd, og nytta dei, er det behov for reiskap og for at ikkje reiskapen skal forfalla så treng dei å koma under tak. Det er og behov for ekstra lagerkapasitet.

Då bygget er plasert på ein stad der det tidlegare sto eit hus og det vert i tunet på bnr 4 så trengst det ikkje løyve for omdisponering (§ 9 i jordlova)

Frå landbruk si side, er det ikkje merknader til søknaden om oppføring av reiskaphus på gnr 131 bnr 4 slik det vert søkt om.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

